



OMEGA 365 AREAL AS  
Kvassanesvegen 4

5582 ØLENSVÅG

| Saksbehandlar            | Tlf. direkte innval | Vår ref.     | Dykkar ref. | Dato       |
|--------------------------|---------------------|--------------|-------------|------------|
| Sara Brattfjell Heggland |                     | 2022/1670-11 |             | 01.07.2025 |

## Varsel om avslutting av sak - Detaljplan for 199/65, 199/170, 199/171 og 199/172 - hyttefelt Grunnvåg - Halsnøy

Det er ikkje registert framdrift i saka, og kommunen vurderer difor å avslutte saka. Det er ikkje meldt oppstart av planarbeidet etter oppstartsmøte i 22.03.2022. Referat frå oppstartsmøte vart ettersendt 23.08.2023 som følgjer av at det ikkje var utsendt etter oppstartsmøte.

Viser til e-post sendt til kommunen 01.09.2023. Dersom saka skal behandlast som endring etter forenkla prosess jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-14 tilrår kommunen at det sendast inn søknad for å kunne vurdere dette.

Kommunen ber om at de tar kontakt dersom det er behov for rettleiingsmøte. Søknad må innehalde vurdering om endringa det søkast om er i samsvar med vilkåra jf. pbl § 12-14. Vidare må søknad vurdere behov for medverknad og verknadar av endringa. Startpakka angir vidare krav til søknad. Deretter skal kommunen vurdere om endringa kan gjennomførast etter forenkla prosess jf. pbl § 12-14. Alternativt må saka behandlast etter ordinær prosess jf. pbl § 12-12.

Gjeldande detaljregulering er vedtatt med ikrafttredelsesdato 18.06.2015. Viser generelt til pbl § 12-4 femte ledd der kommunen skal påse at reguleringsplanen i naudsynt grad er oppdatert før avgjerse av byggesøknad for bygge- og anleggstiltak som ikkje er igangsett seinast 10 år etter planvedtak. Tiltakshaver er vidare ansvarleg for å skaffe naudsynte opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering jf. pbl § 12-14.. Endring etter forenkla prosess vil ikkje medføre endring av ikrafttredelsesdato for plangrunlaget, men kan bidra til at plangrunlaget i større grad er oppdatert.

Dersom tiltakshaver vil gå vidare med saka ber kommunen om stadfesting på dette. Stadfesting kan sendast på [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no) med referanse 2022/1670 innan frist **20.08.2025**. Det bør samstundes opplysast om det er behov for rettleiingsmøte, og om

vidare framdrift for innsending av søknad. Kommunen tilrår at ein tar kontakt før eventuell innsending av søknad.

**Les meir om endring etter forenkla prosess her:**

<https://www.kvinnherad.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/plan/reguleringsplan/ending-av-reguleringsplan-etter-forenkla-prosess>

**Les meir om Startpakka her:** <https://www.kvinnherad.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/plan/reguleringsplan/startpakke>.

Ta kontakt med underteikna ved spørsmål.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Sara Brattfjell Heggland  
*Rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:

ØYBYGG AS  
Synnøve Handeland

Bjoanesvegen 62; Landamarka  
Rosendalsvegen 10